



Dato: 06.05.2014
Arkivref: 2013/945-5073/2014

Saksbeh.: Karl Johan Stadsnes

Saksnr	Utval	Møtedato
39/14	Nærings- og utviklingsutvalet	02.06.2014
49/14	Kommunestyret	17.06.2014

Aurdal småkraftverk - Høyringsuttale til NVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommune har ingen vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå Aurdal fallrettslag SA. Konsesjonssøknaden i høve Aurdal småkraftverk vert plassert i grøn kategori jf Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007.

Kommunen ber NVE følgje opp avbøtande tiltak i konsesjonshandsaminga jf spesielt fisketiltak ved funn i fiskeundersøkingane vår/sommar 2014.

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 02.06.2014

Behandlingsinformasjon:

9 røysteføre

Det var synfaring på Aurdal i forkant av møtet.

Karl Johan Stadsnes orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommune har ingen vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå Aurdal fallrettslag SA.

Konsesjonssøknaden i høve Aurdal småkraftverk vert plassert i grøn kategori jf Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007.

Kommunen ber NVE følgje opp avbøtande tiltak i konsesjonshandsaminga jf spesielt fisketiltak ved funn i fiskeundersøkingane vår/sommar 2014.

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 17.06.2014

Behandlingsinformasjon:

Rådgjevar Karl Johan Stadsnes orienterte.

Kommunestyret drøfta saka.

Tilleggsforslag frå Bjørn Idar Lyngvær (Frp):

Sykkylven kommune er i utgangspunktet positive til etablering av småkraftverk. Slik etablering vil gi positive ringverknader for næringa i kommunen både under anleggsfasen og etter at anlegga er i drift. Etablering av småkraftverka vil styrke økonomien i landbruket og trygge drift av eksisterande bruk. Ei auka inntening vil bidra til å sikre arbeidsplassar og vedlikehalde kulturlandskapet.

Det vart først røysta over tilrådinga frå Nærings- og utviklingsutvalet (NU) som vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over tilleggforslaget frå Lyngvær som også vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak: som tilrådinga frå NU med tillegg siste avsnitt

Sykkylven kommune har ingen vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå Aurdal fallrettslag SA.

Konsesjonssøknaden i høve Aurdal småkraftverk vert plassert i grøn kategori jf Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007.

Kommunen ber NVE følgje opp avbøtande tiltak i konsesjonshandsaminga jf spesielt fisketiltak ved funn i fiskeundersøkingane vår/sommar 2014.

Sykkylven kommune er i utgangspunktet positive til etablering av småkraftverk. Slik etablering vil gi positive ringverknader for næringa i kommunen både under anleggsfasen og etter at anlegga er i drift. Etablering av småkraftverka vil styrke økonomien i landbruket og trygge drift av eksisterande bruk. Ei auka inntening vil bidra til å sikre arbeidsplassar og vedlikehalde kulturlandskapet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Aurdalselva Fallrettslag SA ynskjer å nytte vassfallet i Aurdalselva i Sykkylven kommune til utvikling av vasskraft.

Saksopplysning

Aurdal Fallrettslag SA søker NVE om løyve til å bygge Aurdal kraftverk etter vassressurslova § 8. Det vert og søkt om drift av Aurdal kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden etter energilova. Utbyggingsområdet er prega av inngrep frå før i form av vegar, dyrkingsfelt, kraftlinjer, skogplanting og annan busetnad.

Det er registrert 3 vanlege naturtyper på staden med verdisetting C, minste verdi. Det er planlagt ein dam med maksimal oppdemd høgd på 2 meter og eit total magasinivolum på 4000 m³. Det er vidare planlagt ei nedgraven rørgate på 1130 m med diameter 1000 mm. Naudsynte tilkomstvegar på ca. 127 meter må byggast.

Det er planlagt er minstevassføring på 25 l/s vintermånadane og 100 l/s i sommarmånadane. Det er ikkje venta at utbygginga vil ha negative innverknader på flora eller fauna ved vassdraget. Ingen kjende nasjonale raudlistearter er kjend frå området jf Biologisk rapport vedlagt søknaden. Ein rapport om anadrome fiskeslag vil verte vedlagt sommaren 2014.

Vurdering

Kommunen sin oppgåve i denne saka er å levere ein høyringsuttale til NVE som fattar vedtak i saka. Ifølgje rapportar utarbeidd av eksterne konsulentar vil tiltaket ha liten negativ konsekvens for flora og fauna på staden jf Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2008. Aurdalselva kraftverk. Verknader på biologisk mangfald 20s. Der er få registrerte naturverdiar i området.

Tiltaket vil ikkje røre ved naturtypen rikmyr på staden jf lokalt viktig myr. Landskapsestetisk vil store fossen verte mindre enn før. Landskapsestetisk vil tiltaket ha svak negativ konsekvens jf her spesielt reduksjon av vassføring over «Store-fossen». Tiltaket vil ha liten effekt på friluftsliv på staden. Samfunnsøkonomisk vil tiltaket ha positiv verknad. Tiltaket vil også vere positivt i høve fornybardirektivet.

Retningslinjer for små vasskraftverk – Olje og Energidepartementet 2007

Olje- og energidepartementet (OED) har utarbeidd retningslinjer for korleis konsesjonshandsaminga til NVE vert i høve små vasskraftverk. Tema som OED vurderer som sentrale i verknader små kraftverk kan ha på miljøet er; verdifulle landskapselement, sårbare område i høgfjellet, fjordlandskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie områder, fisk og fiske, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv kor landskapet eller naturen er ein vesentleg del av attraksjonen. Andre viktige tema er vurdering av samla inngrep i eitt område, EUs vassdirektiv, verna vassdrag og mogleg avbøtande tiltak ved utbygging av små kraftverk. Verdivurderinga vert inndelt i stor, middels eller liten verdi. Vurderinga sei ikkje alltid noko om konfliktnivået for og imot utbygging av eitt vassdrag. Ofte vil ei høg verdisetjing innanfor eitt eller fleire av undertema løyse ut ein del konflikt. (Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007).

Konfliktgrad/Samla inngrep i høve 5 søknadar om konsesjon for vasskraft i Sykkylven.

Konfliktgraden i høve Aurdal småkraftverk og Nedre Huna småkraftverk vert vurdert som relativt liten. Konfliktgraden i høve Gimsdalen småkraftverk vert vurdert som middels stor. Konfliktgraden i høve Kroken småkraftverk og Øvre Huna småkraftverk vert vurdert som stor. Dette samsvarar med verdisetjingane i angjeve tema i søknadene med vedlegg jf avsnitt ovanfor utarbeidd av Olje- og energidepartementet.

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale til NVE gir grøn kategori til 2 småkraftverkssøknader (Ja), gul kategori til 1 konsesjonssøknad (usikker) og raud kategori til 2 konsesjonssøknader (Nei). Rådmannen har forsøkt å vurdere samla inngrepsbelastning for dei ulike områda og sett søknadane opp i mot kvarandre i høve verdielementa nemnd i retningslinjer for små vasskraftverk utarbeidd av OED. NVE ynskja dette. Nærings- og utviklingsutvalet (tilråding) og Kommunestyret (vedtak om offisiell kommunal uttale til NVE) står fritt til å endre rådmannen sine forslag slik dei folkevalte ynskjer.

I sum har rådmannen ingen merknad til tiltaket utover NVE sin eiga oppfølging i konsesjonshandsaminga jf avbøtande tiltak etter vassressurslova. Ein viser her spesielt til fiskeundersøkingane vår/sommar 2014.

Økonomiske konsekvensar

Ingen for kommunen, positive for fallrettshavarane.

Eldrid Sourza
rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Karl Johan Stadsnes
rådgjevar miljø og landbruk